

Eidsvik: - Kjempeoppleving å ha praksis-elevar



Ståle Hallingstad, her med blomar som takk for innlegget om praksis-elevane : - Ei kjempeoppleving å få inn dei unge på Eidsvik.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har til no vore ein kjempeoppleving å ha praksis-elevar frå den vidaregåande skulen på Eidsvik Skipsbyggeri.

Ståle Hallingstad, som er personal- og økonomiansvarleg ved den største verksemda i Uskedalen, understreka dette underi det siste møtet i prosjektet "Samarbeid skule-næringsliv" på KVV.

Sidan skulestarten i haust har fire unge kvinnheringar hatt praksis på Eidsvik. Tre av dei er elevar ved KVV medan ein går i Norheimsund.

- Dei er kjempemotiverte, stortrivs og er i tillegg ein positiv faktor for miljøet. Elevane byggjer nye sosiale relasjonar til arbeidskolleger og seg imellom. Dei har noko å tilføra oss og vi har noko å tilføra dei, sa Hallingstad.

Han trudde at Eidsvik også hadde klart å presentera seg bra for elevane så langt.

Dei synest at det har vore spanande. Men dei har også sett nokre baksider ved å satsa på ein framtidjobb i bransjen, til dømes rutearbeidet.

Eidsvik-representanten hadde "Difor samarbeider vi vi med skulen" som overskrift på innlegget sitt og illustrerte kor mykje arbeidskraft dei treng: - Eidsvik har ein fast stab på 60, men for å gjera ferdig trålarer vi held på med no må 100 gjera ein innsats. Og når den første offshore-båten kjem neste år vil talet kanskje auka til 150. Med andre ord må vi rekruttera mykje folk i tida framover.

Men Hallingstad var også innom nokre tankekors: Eidsvik overtek ein undervisningsplikt ved å ta inn elevane i praksis og dei gjer det utan å få nokon kompensasjon frå det offentlege sjølv om opphaldet kanskje utgjør 20-30 prosent av timetalet.

Dei Eidsvik-ansatte har heller ikkje nokon pedagogisk kompetanse. Det har gått bra til no, men treng ikkje å gå like bra framover.

- Eg skulle også ynskje at lærarane ville vera litt meir aktive i dette opplegget. Dei kunne ta på seg kjeledressen og koma til oss to-tre gongar i praksisperioden., sa Hallingstad.

Men han var svært begeistra for kunnskapsløftet, som etter hans meining byggjer ei bru som har vore sakna i 20-30 år og er eit kjempeløft både for skulen, næringslivet og samfunnet i det heile.

Det er ein raskt aukande trong for tettare kontakt mellom skulane og næringslivet.

No i 2007 har målsettinga for KVV-prosjektet vore å finna ut, gjennom eit forprosjekt, korleis eit samarbeid bør utviklast på best mogeleg vis. Det ligg til rette for eit treårig hovedprosjekt frå nyttår.

Rektor Hilde Gjester Hoel streka under kor stor vekt Kvinnherads største kunnskapsbedrift legg på å vera næringslivsorientert og tilpassa behovet for arbeidskraft.

Prosjektleiar Brynjulf Lie peika på at det gjennom kunnskapsløftet blir stilt nye krav til samarbeid og to andre viktige faktorar er opplæringsbehovet i næringslivet og konkurransesituasjonen til skulen. Når det gjeld det siste er det mellom anna viktig å arbeide for mindre fråfall og feilval frå elevane si side.

Så langt har prosjektet mellom anna gjennomført ei kartleggjing av næringslivet sitt behov og skulen sine ressursar og eit kurs- og opplæringsopplegg er prøvd ut. Møteserien "Møteplass KVV", som dette møtet inngjekk i, har vore eitt av fleire vellukka tiltak..

Av Ola Matti Mathisen



Prosjektleiar Brynjulf Lie: - Hovedprosjeket kjem truleg i gang frå nyttår. (Foto: Ola Matti Mathisen)